Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1. Fylke: S. Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Skaun

Emne: Ard og plog Bygdelag: – " –

Oppskr. av: Erik By (sen.) 63 år Gard: By (vestre)

(adresse): Svorkland G.nr. 55 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. for det merke.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja

2. Nei! Ja i dei eldste tider.
Den vart kjørt på krojss og tvers så lenge til det gjekk an å så etter den. Nedmoldinga vart på dei større bruk gjort med ei tre harv og på småbruk dels med grev, harke og rive, men mest med harke.

3. Ja, den brukes til begge deler.
Ja. Med arden meines til vanleg den gamle type med ikkje stillbar vellefjøl og så og sei heile reidskapen av tre.
Hyppeplogen er av nyare dato og vellefjøla som regel stillbar.

4. Det er type nr. 5 som har vore mest brukt her. og av den fins det eit og anna eksemplar enda slengt i „Skrapbuä".

5. Nei det trur eg ikkje.

6. På arden var det skjør, ardois, vellefjøl og skaft.
Skjeker'n kallast skaklar

7. Nei, det trur eg ikkje. Heller ikkje trur eg at det til vanleg var meir end 1 sett ardar på kvar gard.

2179

/.

8. Ja. det har den. Veltefjøla som regel stillbar
9. Nei, ikkje, det eg veit.–
10. Kan hende på dei aller eldste typer, men til vanleg regileres djupna med togo og beislet. (Togo bettsoman skokklen og arden og beislet & forsta treardaien)
11. Ja. De er kun brukt til å arde opp rader for potet og nepe og til hypping av poteter og ikkje til å arde åkern på kryss og tvers før såinga. ~~av korn~~.
Ja, de kaldtes for arder. De hadde ikkje reitill, og veltefjøle var ikkje stillbar. Veltefjøla var av tre.
12. De vart laga på gardane av gode bygdasmeder, som det var ikkje så reint få av den tida.
13. Ja, no brukes berre moderne fabrikk-plogar. Omkring 1906 tok folk til å kjøpe fabrikkplogar. og etter den tid kom heimplogane meir og meir ut av bruk. De eldre plogar vart laga av bygdasmeder og for ein slik plog varierte prisen frå 20–30–kr. (I fjerdinga var det kan hende ikkje meir hell frå 15–20 kr)
14. Om fig. 8 har vore brukt her i Skaun kan eg nesten ikkje svare på. Kan hende kanskje? Av dei eldste folka som no lever i bygda her – 90 åringa – har eg i allefall ikkje kunna fått noka greit svar på det i alle fall.–
15. Plogkaren hadde som regel med seg spade under pløinga og brukte da den til å renske av ~~fj~~ veltefjøla molda og elles til det kun trengs.–
Det var ein ganske almindelig torvspade ./.

som plogkaren berre lå oppå ardåsen eller berre settin frå seg ved sida av plogfåra.

16. Den eitta til den sida som ottefjøla er.

17/ Ja. Eg kjenner den kallast slitsko.

18/. Ja. Landskapet kunde vera slik t.d. bratt og halda åt ömse lier at ein var nödd til å ha både höger og venstreplog for å få ~~tavis~~ åkrin og seinare ekrene slett og jamne så det ikkje vart for mykje av ryggjar og kulpar. (dalpe)

19) Som regel ein 20 à 25 cm. eller om ein vil ein 8 à 9 tommar.
Djupna regulertes ved hjelp av mållfat – som svarar til stållber slepsko eller hjul.–

20/ Ja

21/. Nei, det kjenner eg ikkje.

22/. Ja, som regel ein lett tremeislå eller ei lita lett steindråg.

23/. Den plogtypen har eg ikkje höjrt snakk om og kjenner neppe den har vore brukt her.–

I Skaun har eg aldrig höyrt at det om plogen har vore bruka anna namn end plog, og plogåsen kallar mest her i Skaun for ardås, og det namnet har visst vore brukt frå Arils tid.– Ordet ard uttales, al med tjukk l. og det er hankjön Plog uttales plog.–



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING